



Nynorsk kultursentrum

Vedtaksprotokoll styremøte

Ivar Aasen-tunet, Ørsta, onsdag 25. februar 2015

kl. 10.30–15.40

Til stades

Grete Riise (fungerande leiar), Georg Arnestad, Sigrun Høgetveit Berg, Brit Bildøen, Jon Østbø, Stina Aasen Lødemel, Ottar Grepstad (sekretær, ikkje sak 16)

Forfall

Lodve Solholm, Mona H. Hellesnes

Sakliste

Konstituering

- 01/2015 Innkalling og sakliste
- 02/2015 Godkjenning av protokoll

Saker til orientering

- 03/2015 Referatsaker
- 04/2015 Orienteringssaker
- 05/2015 Personalsaker

Vedtaksaker

- 06/2015 Rekneskap 2014
- 07/2015 Årsmelding 2014
- 08/2015 Språksamlingane og Norsk Ordbok
- 09/2015 Søknader om offentlege tilskot 2016
- 10/2015 Oppnemningar til råd og utval
- 11/2015 Sikrings- og bevaringsplan nr. 4 2015–2018
- 12/2015 Tidspunkt Ulvik poesifestival 2016
- 13/2015 Årets nynorskbrukar 2015
- 14/2015 Program styreseminar 2015
- 15/2015 Pensjonsordning direktør

Drøftingssaker

- 16/2015 Vinje-senteret

Konstituering

01/2015 Innkalling og sakliste

Slik saksførelegget var forma i sak 13/2015, sa Sigrun Høgetveit Berg seg gild i saka. Styret var samd i dette.

Vedtak

Innkalling og sakliste er godkjend.

02/2015 Godkjenning av protokoll

Sakspapir

Protokoll frå møte 12.12.2014

Vedtak

Protokoll frå styremøte 12.12.2014 er godkjend.

Saker til orientering

03/2015 Referatsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

04/2015 Orienteringssaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til vitende.

05/2015 Personalsaker

Vedtak

Styret tek informasjonen til orientering.

Vedtaksaker

06/2015 Rekneskap 2014

Vedtak

1. Styret godkjenner rekneskapen for 2014.
2. Av årsoverskotet på 921 077 kroner blir 150 000 sette av til eit vedlikehaldsfond, 150 000 til vidareutvikling av basisutstillinga i Hauge-senteret og 100 000 til utbetring av gjenstandsmagasinet i Aasen-tunet.
3. Punkt 3 i vedtaket i sak 87/2014 blir oppheva.

07/2015 Årsmelding 2014

Vedtak

Styret godkjenner årsmelding 2014 og tek årsrapport frå administrasjonen til vitende.

08/2015 Språksamlingane og Norsk Ordbok

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

09/2015 Søknader om offentlege tilskot 2016

Vedtak

1. Administrasjonen slutfører arbeidet med søknader om offentlege tilskot 2016 på grunnlag av drøftinga i styret og i samråd med styreleiaren.
2. Styret får tilsendt kopi av endeleg søknad til Kulturdepartementet for 2016.
3. Styret drøftar eventuelle framlegg til endra styringsparameter til Kulturdepartementet for 2017 på møtet i desember 2015.

10/2015 Oppnemningar til råd og utval

Vedtak

1. Styreleiar får fullmakt til å gjere endelege oppnemningar i samråd med direktøren på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.
2. Styret drøftar strategi for språk- og litteraturfaglege nettverk i Nynorsk kultursentrum på møtet i september.

11/2015 Sikrings- og bevaringsplan nr. 4 2015–2018

Vedtak

1. Med dei merknadene som kom fram på møtet, godkjenner styret *Sikrings- og bevaringsplan nr. 4 2015–2018*.
2. Styret drøftar sikring- og bevaringsplanen neste gong i 2017.

12/2015 Tidspunkt Ulvik poesifestival

Vedtak

1. Ulvik poesifestival 2016 blir arrangert fredag 9.–søndag 11.9. 2016.
2. Andre helga i september blir det faste tidspunktet for Ulvik poesifestival etter 2016.

13/2015 Årets nynorskbrukar 2015

Vedtak

1. Prisen *Årets nynorskbrukar 2015* går til kunsthistorikaren og forfattaren Jorunn Veiteberg for sin ufråvikelege vilje til å gjere nynorsk til eit elegant og velforma bruksspråk på alle delar av kunstfeltet, i Noreg så vel som i andre land.
2. Prisen er på 100 000 kroner, eit grafisk trykk av Arne Nøst og eit diplom. Prisen blir delt ut under opningshøgtida for Dei nynorske festspela 25. juni 2015. Som ein del av prissummen tek prisvinnaren del i arrangementet «Prisvinnarens time» under Dei nynorske festspela 2015 og på eit anna arrangement i regi av Nynorsk kultursentrum i 2015 eller 2016.
3. Prisvinnaren og grunngivinga blir etter planen offentleggjort tysdag 3. mars.

14/2015 Program styreseminar 2015

Vedtak

Administrasjonen fullfører arbeidet med seminarprogram på grunnlag av saksførelegg og drøfting i møtet.

15/2015 Pensjonsordning direktør

Vedtak

Styret bed styreleiaren og styremedlem Jon Østbø førebu saka til eit eige telefonstyremøte.

Saker til drøfting

16/2015 Utviklingsprosjekt Vinje-senteret

Vedtak

Styret tek informasjon og drøfting til vitende.

Godkjend av protokoll

Protokoll frå møte 25.2.2015 er godkjend i møte 19.6.2015.

Grete Riise

Sigrun Høgetveit Berg

Georg Arnestad

Brit Bildøen

Jon Østbø

Stina Aasen Lødemel

Ottar Grepstad